



Sunnfjord  
kommune

# Årsplan 2024–2026

## Hatlehaugen barnehage



## Innhald

Einingsleiar har ordet.....	3
Presentasjon av barnehagen.....	4
Visjon for barnehagen .....	4
Om barnehagen .....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	4
Satsingsområde for barnehagen 2023–2026.....	6
Fagområder frå rammeplanen til barnehage.....	7
Medverknad.....	13
Barn.....	14
Foreldresamarbeid .....	14
Tidleg innsats .....	15
Overgangar.....	15
Når barnet startar i barnehagen .....	16
Overgangar i barnehagen .....	16
Overgang mellom barnehage og skule.....	16
Samarbeid .....	17
Samarbeid internt i barnehagen .....	17
Samarbeid med eksterne instansar.....	18
Vurdering .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Hendingar og markeringar i barnehagen .....	18

## **Einingsleiar har ordet**

Årsplanen skal bygge på Lov om barnehage og Rammeplan for barnehage, som gjev oss krav og retningslinjer vi skal jobbe etter. Årsplanen skal vere eit arbeidsreiskap for personalet, samt gje foreldre og andre innsikt i korleis vi jobbar for å etterleve barnehagelova og rammeplanen.



I Hatlehaugen barnehage er vi opptatt av å gje barna gode barndoms-minner igjennom felles opplevingar, inkluderande fellesskap, vennskap, leik og gode erfaringar frå barnehagekvarldagen. Barndomsminne som dei seinare kan ta med seg inn i vaksenlivet.

Personalgruppa i barnehagen har vert stabil over mange år. Fleire tilsette har lang fartstid og mykje erfaring frå barnehagefeltet. Vi er opptatt av å halde oss oppdatert gjennom å arbeide med case, refleksjonsoppgåver og litteratur-bearbeiding. Vi ynskjer å lære, utvikle oss og halde oss oppdatert innan det som skjer på vårt fagfelt.

I Hatlehaugen har vi fokus på eit godt samarbeid med foreldra. Vi ynskjer å bli godt kjend med barn og foreldre, og set difor av god tid til tilvenning. Vi invitera familien til å komme ofte på besøk i forkant av tilvenningsperioden. Vi kommunisera med foreldra dagleg i hente- og bringesituasjon, i tillegg til at vi bruker Visma.

Vi er opptatt av å arbeide etter «Eitt-hus-tanke». Det vil sei at vi samarbeider mykje på tvers av avdelingane. Vi har felles frukost på kjøkkenet kvar dag, og kvar fredag har vi felles songstund for alle. Har ofte arrangement og tradisjonar som involvera alle i barnehagen. Vår tanke er at barn og tilsette skal bli godt kjend med einannan på tvers av avdelingane, slik at ved ferieavvikling, sjukdom og liknande skal tilsette kunne ta imot barn frå andre avdelingar. Med «eitt-hus-tanken» har vi også fokus på å hjelpe og støtte kvarandre, uavhengig av kva avdeling ein er på. Tenkje til det beste for alle.

**Anita Bolstad Indrebø**  
**Einingsleiar**  
**Hatlehaugen barnehage**

## Presentasjon av barnehagen

### Visjon for Sunnfjord kommune

**Saman blir vi drivande gode**

### Visjon for barnehagen

*I Hatlehaugen barnehage skal store og små  
leike, trivast og glede få*

### Om barnehagen

Hatlehaugen barnehage opna september 1991. Vi har tre avdelingane der barna er i alderen 0-6 år på kvar avdelingane. Barna går på same avdeling frå dei starta til dei sluttar i barnehagen.

Frå det året vi opna og fram til 2009 låg Hatlehaugen barnehage under Sentralsjukehuset i Førde. Barnehageplassane var for barn til tilsette ved sjukehuset. September 2009 tok Førde kommune over drifta av Hatlehaugen barnehage. Etter kommunal overtaking var det gjort avtale om at Helse Førde skal disponere 6 småbarnsplassar eller 12 store plassar ved kvart barnehageopptak.

Hatlehaugen barnehagen har ei stor og flott naturtomt der barna kan boltre seg medan dei får gode naturopplevelingar og motoriske utfordringar. Vi har eit spennande nærmiljø med varierte naturområde og kort avstand til sjukehus, høgskule, butikk og Slåtten Barneskule.

Vi ynskjer å gje barna allsidige erfaringar i form av tryggleik og omsorg. Vi ynskjer å gje barna ein kvardag fylt med leik, glede og god sosial kompetanse. Vårt mål er å gje barna gode barndomsminne som dei kan ta med seg vidare i livet.



**Saman blir vi drivande gode**

## Barnehagen sitt verdigrunnlag

### Vårt syn på barn

- Barn er medmenneske
- Alle barn er likeverdige trass i kultur, rase, alder og funksjon
- Barn er kompetente, sosiale, empatiske, utforskande, spontane og positive

### Vårt syn på leik

"Leiken er barn sin grunnleggande aktivitet"

- Leiken er eit fellesskap.
- Leiken er ein arena for samspel.
- Leiken er frivillig, indre motivert og skapar glede.
- Leiken fremmar læring og utvikling av:
  - sosial kompetanse
  - språk
  - motoriske ferdigheter
  - kjensler
  - barnekultur

### Vårt syn på læring:

"Læring er åtferdsending som følgje av erfaring" (Kari Pape)

- Læring er å vere saman med andre
- Læring er å vere utforskande og aktiv

### Vårt syn på omsorg

Det vi legger i omsorg er trøyst, ømheit, bli sett, glede og latter, bli akseptert og respektert som den ein er.


- Omsorg er å få stetta sine grunnleggande behov.
- Omsorg er å få oppleve tryggleik og ha tillit til andre.
- Omsorg er å bli akseptert for den du er.
- Omsorg er å bli inkludert og vere ein del av fellesskapet



Saman blir vi drivande gode

## Dei vaksne skal:

- Sjå og høre barna
- Inkludere alle barna i fellesskapet
- Ta barna på alvor og respektere dei
- Ta ansvar for at barna har nokon å leike med
- Vere deltagande og tilgjengelege
- Gje leiken tid og rom.
- Legge til rette for leik og opplevingar
- Stimulere barna til å utforske og vere nyfikne
- Legge til rette for medverknad
- Formidle verdiar og normer i samfunnet
- Vere gode modellar
- Legge til rette for læring og utvikling
- Bruke COS-sirkelen i arbeidet med barna



## Satsingsområde for barnehagen 2023–2026

### Fagområde frå rammeplanen til barnehage



Fagområda skal fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Alle fagområda blir arbeidd med i dei ulike satsingane som barnehagen har.

### Kommunikasjon, språk og tekst

Rammeplanen seier vi skal gjennom arbeid med fagområdet bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer.

Dei vaksne skal:

- Nyte ulike formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer
- Lære barna å leike med språket, lydane, rim og rytmene
  - Lære barna å uttrykke kjensler
  - Fylle ut TRAS-skjema for alle barn over tre år
  - Nyttar metoden Grip omgrepa kvar månad
  - Set inn tiltak for barn som har behov for oppfølging



**Saman blir vi drivande gode**

## Kropp, rørsle, mat og helse

I følgje Rammeplanen skal barnehagen leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandlar med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader.

Dei vaksne skal:

- Legge opp til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevelingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet
- Gje barna måltidsglede, legg til rette for deltaking, samtaler og fellesskapsfølelse
- Passe på at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over egen kropp og respekt for andre sine grenser

## Kunst, kultur og kreativitet

I Hatlehaugen barnehage jobbar vi med kunst, kultur og kreativitet på ulike måtar. Rammeplanen seier at barna sine opplevelingar med kunst og kultur kan leggje grunnlag for tilhørsle, deltaking og eige skapande arbeid. Fagområdet tek føre seg form for musikk, dans, forming, drama, språk og litteratur.

Dei vaksne skal:

- Legge til rette for at barna får bruke fantasi, kreativ tenking og skaperglede
- La barna få respekt for eigen tradisjonskultur og barnekultur
- Gje barna tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske utrykksformane.
- La barna delta i kunst- og kulturopplevelingar saman med andre

## Natur, miljø og teknologi

I Rammeplanen står det at barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevelingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysjerrige på naturvitenskaplege fenomen, føle tilhørsle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.

Dei vaksne skal:

- La barna få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen og få gode friluftsopplevelingar året rundt
- Gje barna gryande forståing for berekraftig utvikling, respekt for naturen og korleis ta vare på den
- Gje barna kunnskap om dyr og dyreliv
- La barna få lage konstruksjonar av ulikt materiale og utforske kva mogelegheiter reiskapar og teknologi kan by på



## Mengd, rom og form

Rammeplanen seier «Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande». Fagområdet omfattar leik og aktivitetar med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisere, former, mønster, tal, teljing og måling.

Dei vaksne skal:

- La barna få kjennskap til bøker, eventyr, songar, rim, regle og liknande som omhandlar matematiske omgrep.
- Ta barna med på varierte aktivitetar der dei får telje, måle, sortere, plassere med meir
- La barna få delta i problemløysing utifrå alder og modning
- Gje rom for at barna får eksperimentere og konstruere

## Etikk, religion og filosofi

«Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske». Dette kan skje gjennom samtale, refleksjon og undring over etiske og filosofiske spørsmål.

Dei vaksne skal:

- Legge til rette for at barna får oppleve å undre seg over både kvardag og tradisjonar og høgtider.
- Gje barna forståing for at det finns mange ulike måtar å forstå ting og leve saman på, frå å møte kvarandre i barnehagen til å delta på Forut barneaksjon
- Passe på at barna får tid til samtale og undring saman med andre barn og vaksne om ulike livssyn og deira tradisjonar.



## Nærmiljø og samfunn

Rammeplanen poengtera at barnehagar skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørsle til nærmiljøet sitt.

Dei vaksne skal:

- La barna få leike saman, øve seg på å møte utfordringar og oppleve at dei kan få medverknad på eigen kvardag
- Gje barna kjennskap til den gylne regel, menneskerettane og barnekonvensjonen.
- Legge til rette for at barna får besøke institusjonar i nærleiken .



## Pedagogisk årshjul

Det pedagogiske årshjulet skal vere eit arbeidsdokument og arbeidsreiskap for alle tilsette, der vi oppnår meir likskap mellom avdelingane.

### AUGUST

Tema: Ny i barnehagen & familien min  
Eventyr: **Albert Åberg: Eg skal berre Karsten og Petra: Petra begynner i barnehage, & Bestevenner Wilma har to mammaer**  
Nøkkelord: gut, jente, han, ho, mamma, pappa, søster, bror, familie  
Språkfokus: familie  
Fysisk aktivitet: bruke barnehagen inne og ute

### SEPTEMBER

Tema: Haust & samarbeid (hjelpe, dele, vennskap, snille med kvarandre)  
Eventyr: **Den lille røde høna**  
Nøkkelord: høne, katt, gris, and, frø, åker, korn, bakar, møller, bondegard, mjøl, brød, vatn, sekk, eple, bær, poteter osv  
Språkfokus: haust, frukt, grønsaker  
Fysisk aktivitet: plukke bær/eple

### OKTOBER

Tema: FORUT & menneskeverd  
Eventyr: **Humphless og det varme hjertet**  
Historiarar fra materiell til FORUT  
barneaksjon ([www://forut.no](http://forut.no))  
Nøkkelord: vennskap, Afrika, Malawi ( mat, kle, musikk, dans) barnehage, skule, Holi  
Språkfokus: kultur  
Fysisk aktivitet: dans

### NOVEMBER

Tema: Inkludering & menneskeverd  
Eventyr: **Geitekillingen som kunne telje til ti**  
Nøkkelord: geitekilling, kalv, ku, okse, hest, gris (purke), katt, hund, sau, hane  
Språkfokus: telje til ti, vinter, ta fint imot, dele, hjelpe andre  
Fysisk aktivitet: bevege seg som dyra i eventyret

<p><b>DESEMBER</b></p> <p><u>Tema:</u> advent/ juleførebuing  <u>Eventyr:</u> <b>24 dager til jul</b> (museboka)  <u>Nøkkelord:</u> glede, nisse, tre, graut, kalender, lys, gje, gáve, jul, reinsdyr  <u>Språkfokus:</u> ventetid, advent, jul  <u>Fysisk aktivitet:</u> gå rundt juletre, gå i Luciatog</p>	<p><b>JANUAR</b></p> <p><u>Tema:</u> vinter &amp; dele (gleden ved å dele)  <u>Eventyr:</u> <b>Skinnvotten</b>  <b>Det snør</b> (våre vakreste fortellinger..)  <b>Korleis snøen fikk farge</b>  <u>Nøkkelord:</u> skinnvotten, mann, hund, vott, mus, frosk, hare, rev, ulv, villsvin, bjørn, dyr, snø, is, mørkt, kaldt, ake, ski, truge, kakao, snøengel,  <u>Språkfokus:</u> vinter, farge  <u>Fysisk aktivitet:</u> leik i snø</p>
<p><b>FEBRUAR</b></p> <p><u>Tema:</u> Karneval (Dyr -22 . Valfritt tema -23, Astrid Lindgren -24 Skinnvotten -25)  Samefolkets dag &amp; respekt  <u>Eventyr:</u> <b>Karsten og Petra kler seg ut</b>  <u>Nøkkelord:</u> Karneval, utkledning, Same, reinsdyr, flagg, Bidos, lavvo, gamme,  <u>Språkfokus:</u> dyr, telje til ti,  <u>Fysisk aktivitet:</u> dans, utkledning</p>	<p><b>MARS / APRIL</b></p> <p><u>Tema:</u> Samarbeid  <u>Eventyr:</u> <b>Pannekaka</b>  <u>Nøkkelord:</u> rime (mann-brann, høne-pøne, hane-pane osv), pannekake, kone, mann, kone, barn, gamlefår, høne, hane, gås, gasse, gris  <u>Språkfokus:</u> rim, repetisjon  <u>Fysisk aktivitet:</u> Frisbee , kaste og trille som ei pannekake</p>
<p><b>MARS / APRIL</b></p> <p><u>Tema:</u> Vår, påske (spiring) &amp; ulikheit  <u>Eventyr:</u> <b>Påskehistorier.</b>  <b>Himmelspringaren</b>  <u>Nøkkelord:</u> frø, vatn, palme, esel, venn, sol, varme, egg, sau/ lam, ulik, lilla,  <u>Språkfokus:</u> påske, spire  <u>Fysisk aktivitet:</u> springe</p>	<p><b>MAI</b></p> <p><u>Tema:</u> 17. mai &amp; demokrati  <u>Eventyr:</u> <b>Karsten og Petra hilser på kongen</b>  <u>Nøkkelord:</u> jente, gut, Løveungen, Frøken kanin, Oslo, stortinget, slott, konge, 17. mai, dronning, nasjonaldag, russ, tog, flagg, korps, fane, bunad  <u>Språkfokus:</u> 17. mai  <u>Fysisk aktivitet:</u> 17.-maileikar (potetløp, sekkeløp, sykkelløp), gå i rekke/tog</p>
<p><b>JUNI</b></p> <p><u>Tema:</u> Sommar &amp; respekt for dyr og natur  <u>Eventyr:</u> <b>Den lille larven aldri mett</b>  <u>Nøkkelord:</u> larve, kake, frukt, ost, lauv, puppe, sommarfugl, åle, krype  <u>Språkfokus:</u> sommar, insekt, mat, størrelse, preposisjonar  <u>Fysisk aktivitet:</u> åle, krype, flakse</p>	<p><b>JULI</b></p> <p>Sommartema</p>

### Pedagogisk årshjul



Årshjulet er bygd opp med eit fast tema for kvar månad. Vi samlar aktuell litteratur, songar, rim og regler til dei tema vi arbeider med.

Vi kjøper inn bøker og konkreta, eller lagar ulike rekvisittar til temaet, slik at vi har godt utval når vi arbeider med tema.

## Språk og språkutvikling



Kvar månad vil vi ha ekstra fokus på språk og språkutvikling. Vi starta kvar månad med «Grip omgropa», ein metodikk for å lære nye omgrep, med fokus på eit ord eller ei handling som er knytt til temaet for månaden. Vi nyttar resultatet vi får til å arbeide med å utvikle ordforrådet til enkeltbarn og/eller barnegruppa. Vi avsluttar månaden med ein ny runde med Grip omgropa. Her vil vi sjå kva nye ord eller ny kunnskap barna har tileigna seg i løpet av tida vi har arbeidd med eit tema.

Språkarbeidet vi gjennomfører er knytt opp til eit eller fleire punkt i frå TRAS sitt registreringsskjemaet. TRAS er forkorting av «Tidleg registrering av språk».



Vi har kvilestund kvar dag med høgtlesing og lydbok for dei som ikkje sov.

Prioritera nynorske bøker når vi kjøper eller låner bøker.

Deltek på lesestunder på biblioteket, og hentar bokkasser der, med bøker knytt opp til tema i det pedagogiske årshjulet, og gjerne på nynorsk.

## Sosiale ferdigheter

Vi arbeider med ulike sosiale ferdigheter som t.d. å dele, hjelpe kvarandre, samarbeide, inkludere m.m. Gjennom songar, litteratur, samtaler, erfaringar, aktivitetar og/eller dramatisering får barna tileigne seg viktige erfaringar og kunnskap om korleis dei skal vere mot kvarandre. Det er viktig at kvart enkelt barn skal føle seg inkludert og ein del av fellesskapen på avdeling og på huset.

## Inkluderande barnehagemiljø

Dei sosiale ferdighetene vi arbeider med kvar månad er knytt tett opp mot temaet inkludering. Mange av eventyra og bøkene vi les og jobbar med har innslag av inkludering.

Vi har fokus på at alle barn skal vere inkluderte i fellesskapet. Ser vi barn som fell utanfor eller blir halde utanfor i leiken, set vi i gang tiltak som for å hjelpe barnet.



### Fagområda

Vi nyttar samtaler, barneintervju og ulike observasjonsmetodar for å finne ut korleis det inkluderande barnehagemiljøet er hos oss.

Tema og ideane i årshjulet er knytt opp til dei sju fagområda i rammeplanen. Dette for å sikre at vi er innom alle fagområda i løpet av kvar månad.

### Kosthold

I samarbeid med SU har vi laga ein fødselsdags-meny som består av eit godt utval av grove og sunne matrettar til feiringa.

Vi vil ha variert mattilbod til frukost og lunsj med fokus på variasjon, sunnare og mindre ultra-prosessert mat og pålegg.

Barnehagen vil i hovudsak følgje [Helsedirektoratet sine kostråd](#). Vidare vil personalressursane, økonomi og matsvinn også ha betydning i val av mat vi tilbyr barna.

For å få barna til å smake nye frukter og grønsaker bruker vi Smaksdetektiv-hefte saman med barna på avdelingane.



**Saman blir vi drivande gode**

## Medverknad

### Barn

Barns medverknad er lovfesta i «*Lov om barnehage*» §3.

Dette betyr i praksis at vi i Hatlehaugen barnehage skal legge til rette for og oppmuntre barn til uttrykkje kva dei meiner. Vi vaksne må vere klar over barna sine uttrykksformer, og legge til rette for medverknad utifrå alder, erfaring, føresetnad og behov. Barn sin medverknad handlar ikkje om å la barna få velje fritt eller å la dei gjere som dei vil. Medverknad handlar om ein prosess, der utfallet ivaretake det enkelte barn eller fellesskapet

### Dei vaksne skal

- Tolke dei yngste barna sine ynskjer og behov
- Lytte til barna
- Ta barna på alvor
- Høyre ulike synspunkt og respektere synspunkta til dei enkelte barna
- Legge til rette for at barna kan få ta val
- La barna få vere med å påverke og bestemme over eigen kvardag
- Ta barn med på evaluering
- La barna vere med å bestemme på eit demokratisk vis
- Gje barna ein forklaring på kvifor dei ikkje får sine ynskje igjennom

### Foreldresamarbeid

I barnehage er foreldresamarbeid og -medverknad er viktig.

Vi arbeider for å få eit godt samarbeid. Dette arbeidet startar ved tilvenjinga. Ei god tilvenjing vil bety særskilt mykje for kor godt og raskt ein kan byggje tryggleik og tillit hjå barn og foreldre. Den vil såleis vere avgjerande for trivsel for både barn og foreldre for lang tid framover.

Vi legg opp til god dialog med foreldre om barnet sine behov og kva vi kan tilby opp mot foreldra sine ønskjer. Denne gjensidige dialogen held vi ved like gjennom ulike formelle og uformelle møtepunkt.

Sunnfjord kommune har jamleg brukarundersøking. Svara vi får frå foreldra brukar vi som utgangspunkt for vurdering om kva vi bør halde fram med og kva vi bør endre på.

### Våre møtepunkt for foreldre medverknad:

- Hente- og bringesituasjon, informasjonsutveksling i garderoben
- Kommunikasjon og informasjon via Visma, appen Min barnehage
- Startsamttale for foreldre til nye barn
- Foreldresamtale 2 gongar i året (etter observasjonsveke)
- Foreldremøte 1-2 gongar i året
- Samarbeidsutvalet, som er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ
- Evalueringar av ulike slag døme
- Brukarundersøking i kommunen sin regi, for alle som har barn i barnehage i Sunnfjord kommune

## Tidleg innsats

### **Handbok i tidleg innsats, tilpassa opplæring og spesialpedagogikk**

Målet til Sunnfjord kommune er å styrke tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at færre barn/elever har bruk for tiltak etter spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.

Handboka til Sunnfjord kommune er for heile oppvekstløpet, 0-16 år. I Handboka skal du finne informasjon om korleis kommunen skal arbeide for å styrke tidleg innsats og tilpassa opplæring og arbeide med spesialpedagogisk hjelp, tilrettelegging og spesialundervisning. Du skal finne informasjon om kva rolle dei ulike aktørane i kommunen har, kva system kommunen har frå vi blir bekymra for eit barn/elev til tiltak blir sett i gang. For meir informasjon: [Handbok i tidleg innsats](#)

### **Betre tverrfagleg innsats for barn og unge**

Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng gjennom eit samarbeid mellom familien og kommunen. Årsaka til oppfølging kan vere av ulik grad, men arbeidet med å komme fram til ei løysing skal vere lik. Sunnfjord kommune brukar difor samhandlingsmodellen BTI i sitt arbeid. For meir informasjon: [Betre tverrfagleg innsats for barn og unge](#)

### **Pedagogisk psykologisk teneste**

Pedagogisk psykologisk teneste, PPT, skal hjelpe barn og elevar i alderen 0–16 år med behov for særskilt tilrettelegging. For dei som går i barnehage bli kontakta etablert gjennom barnehagen.

PPT i Sunnfjord kommune gjer følgjande:

- pedagogisk og psykologisk utgreiing
- individuell oppfølging av barn og unge
- rådgiving til foreldre/føresette
- samarbeid med barnehagar og skular
- rettleiing til tilsette i barnehagar og skular

For meir informasjon: [Pedagogisk psykologisk teneste](#)

## Overgangar

### Når barnet startar i barnehagen

Vi sender ut brev før tilvenninga, der vi set opp datoar og ein besøksdag. Besøka vert som regel i mai eller juni månad. Vi oppfordra nye barn med foreldre å komme innom på besøk til barnehagen før sjølve startdato i barnehagen, slik at både barnet og foreldra vert gradvis kjend med barnehagen, borna og dei tilsette. Dette kan vere godt for både foreldre og barn sin tryggleik, og kan vere med på å gje ei smidigare tilvenning seinare.

Under sjølve tilvenninga i barnehagen vil barna få ein tilknytingsperson som vil følgje opp barnet og foreldra den første tida i barnehagen. I samarbeid med foreldra vil vi dag for dag vurdere korleis vi vil gjennomføre tilvenninga utifrå kor trygt barnet er. Lengda på tilvenningstida vil variere mykje frå barn til barn, men foreldra bør avsette minimum tre dagar.

I etterkant av tilvenninga har vi ein startsamtale med dei nye foreldra. Under møtet snakkar vi om tida før barnet byrja i barnehage, korleis tilvenninga var og anna viktig informasjonsformidling omkring barnet og familien. Under startsamtala deltek pedagogisk leiar og styrar.

### Overgangar i barnehagen

I Hatlehaugen har vi søskengrupper/avdelingar med barn i alderen 1-6 år. Barnet er på same avdeling heile barnehageperioden, og skiftar ikkje avdeling under vefs.

Andre overgangar vi har er overgangar mellom aktivitetar, anten på avdelinga eller på tvers av avdelingane.

### Overgang mellom barnehage og skule

Vi har førskulegruppe kvar måndag, der førskulebarna frå alle avdelingane møtast til felles skuleførebuande aktivitetar.

Barnehagen har utarbeida eigne mål og tiltak for førskulegruppa, som vert utlevert ved september kvart år. Desse finn ein òg på barnehagen si heimeside.

Barna vil i mai månad besøke skulane dei skal gå på. I juni kvart år er det avslutningsfest for førskulebarna. Under sommarfesten vert det også ei markering av barna i førskulegruppa.

Ved overgang til skule har barnehagen eit samarbeid med dei skulane våre førskulebarn skal byrje på. Sunnfjord kommune har utarbeidd retningslinjer for alle barnehagane og skulane i kommunen.

## Samarbeid

### Samarbeid internt i barnehagen

Møter vi har i barnehagen:

- Planleggingsdag
- Personalmøte
- Pedagogisk leiarmøte
- Avdelingsmøte
- Prosjektmøte
- BUA-møte
- Trepartsmøte



### Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet har følgjande samansettning:

- 2 representantar valt av foreldrerådet + vara
- 2 representantar for barnehagens personale
- 1 representant + vara frå eigar.

Samarbeidsutvalet skal være eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ for foreldre, personale og eigar, og skal ha ansvar for den alminnelege drift i nær kontakt med barnehagens styrer.

Utvalet skal blant anna:

- Sjå til at barnehagen blir drivet innanfor ramma av barnehagelova, rammeplanen, barnehagens vedtekter og budsjett
- Behandle årsplan
- Uttale seg om endring av vedtekter.
- Samarbeidsutvalet skal ha innsyn i saker som er viktig for barnehagen si verksemd, og har rett til å uttale seg i slike saker før ei avgjersle vert teken.
- Utvalet skal be om foreldrerådet sitt syn i saker som må sjåast som særleg viktige for foreldra.

**NB!** Foreldra i barnehagen har eiga Facebook-side. **Hatlehaugen Barnehage - Foreldreside.** Foreldrerepresentantane i SU er administratorar for denne sida.

## Samarbeid med eksterne instansar

### **Sunnfjord kompetansteam.**

Kompetansteamet er barnehagen sitt «låg-terskel-tilbod» for hjelp og rettleiing frå spesialpedagogar i arbeid med barn. Sunnfjord kompetansteam ligg under Pedagogisk psykologisk tenestekontor, PPT

### **Pedagogisk psykologisk tenestekontor, PPT:**

Barnehagen har samarbeid med dette kontoret rundt barn som treng spesialpedagogisk hjelp og rettleiing

### **Barnevernet**

Barnehagetilsette har meldeplikt til barnevernet.

Barnehagen deltek i eit tverrfaglege samarbeidsmøte mellom barnehagane og barnevernet i kommunen.

### **Helsestasjon**

Barnehagen samarbeider med helsestasjonen når det gjeld bl.a. sjukdomar, smitte og utviklinga til barna

### **Øyrane vidaregåande skule**

Barnehagen tek imot elevar ved barne- og ungdomsarbeidarlinja som er i praksis

### **Grunnskulen**

Ved overgang frå barnehage til skule har barnehagen eit samarbeid med dei skulane førskulebarna skal begynne på.

Vi samarbeider når det viser seg at det er spesielt behov for dette.

Vi tek imot elevar frå barneskulen og ungdomsskulen som er har kortare praksisperiodar i barnehage

### **Norsksenteret**

Vi tar imot elevar ved norsksenteret som trenger språktrening

### **Sunnfjord ressurscenter**

Vi har brukarar ved ressurscenteret som er i arbeidspraksis hos oss

## Hendingar og markeringar i barnehagen

### Vinter



<b>November</b>	Førskulebarna på juletrehogst
<b>Desember</b>	Julespel i kyrkja Luciatog på sjukehuset Nissefest for barna
<b>Januar</b>	Spontan vinterfest/solfest
<b>Februar</b>	Samefolkets sin dag Karneval

### Vår



<b>Mars/april</b>	Påskebesøk i kyrkja Påskefrukost med familie
<b>April/mai</b>	Dugnad for barn & for foreldre
<b>Mai</b>	Vi øver på 17. mai tog
<b>17. mai</b>	Nasjonaldag med eiga fane i barnetoget

### Sommar



<b>Juni</b>	Avslutning for førskulebarna
<b>Juni</b>	Sommarfest for barn, foreldre og tilsette
<b>Juli og august</b>	Sommartema
<b>August</b>	Nytt barnehageår

### Haust



<b>September</b>	Haustfest
<b>Oktober</b>	FORUT barneaksjon